

## INTERPELLASJON TIL VESTLAND FYLKESTING 9.-10. MARS 2021.

INGEN FLEIRE Å MISTE PÅ VESTLANDSVEGANE!

Til fylkesordførar Jon Askeland.

Forrige helg skjedde det nok ei tragisk dødsulukke på Vestlandsvegane – denne gongen på fylkesveg 57 mellom Lindås og Mongstad i Alver kommune. Dette var den 6. dødsulukka på denne farlege strekninga. I perioden 2006 -2015 var det registrert 27 trafikkulukker på denne strekninga, med 38 personskader, herunder 6 hardt skadde i tillegg planavdelinga i fylket. Vegen er smal, uoversiktleg, med lite lys, og gåande og syklande må nytte vegbanen. Slik er derre tilstanden for altfor mange av fylkesvegane og riksvegane i fylket – og altfor lite eller ingenting blir gjort på grunn av manglande finansiering.

Vestland fylkeskommune har utarbeidd eit forslag til reguleringsplan for Fv 57 i samarbeid med kommunen. Denne er no ute på 2. gangs høyring, med forslag om gang- og sykkelveg og sikre kryssløysingar. Etter slutthandsaming av reguleringsplanen om kort tid er det likevel uvisst om noe blir gjort dei nærmeste åra - på grunn av manglande finansiering. Kommunen har tidlegare tatt initiativ til å omklassifisere trafikkerte og farlege strekninga – den farlegaste i Lindås – frå fylkesveg til riksveg, utan resultat til no.

På denne bakgrunn vil eg be fylkesordføraren om å svare på følgjande spørsmål:

1. Er fylkesordføraren samd i at trafikksikring – inkludert gang- og sykkelveg – langs fylkesveg 57 mellom Lindås og Mongstad er overmodent for gjennomføring?
2. Støttar fylkesordføraren kravet om at fylkesveg 57 blir omklassifisert til riksveg og blir sikra ei snarleg finansiering – og korleis vil fylkesordføraren i so fall følge dette opp?
3. Vil fylkesordføraren ta initiativ til å utforme ein felles strategi i Vestland fylkesting for å løfte fram ras- og trafikksikring i Vestland fylke som ei hovudsak i god tid før Stortinget skal handsame Nasjonal Transportplan (NTP) våren 2021?

### FORSLAG TIL VEDTAK:

1. Vestland fylkesting ber fylkesrådmannen ta initiativ til å leggje fram ei sak om omklassifisering av Fv 57 frå fylkesveg til riksveg, med forslag til finansieringsalternativ når reguleringsplanen som no er ute på høyring, er vedtatt.
2. Vestland fylkesting ber fylkesrådmannen leggje fram ei melding med oversikt over alle trafikkulukker (herunder dødsulukker) på alle fylkes- og riksvegane i fylket frå 2000 til i dag.
3. Vestland fylkesting i samarbeid med fylkesordføraren og fylkesordføraren, vil løfte trafikk- og rassikring i Vestland fylke som ei felles hovudsak for å få kraftig gjennomslag nasjonalt i samband med handsaminga av NTP i Stortinget våren 2021.

Odda, den 2. mars 2021      Terje Kollbotn (fylkestingsrepresentant Raudt)